

Heilskaplege og samordna innsats frå tenester for barn og unge i Sogndal kommune
Skildring av struktur for samarbeid i Sogndal kommune

BTI



Heilskapleg og samordna innsats frå tenester for barn og unge i Sogndal kommune. Struktur for samarbeid i Sogndal kommune.

[BTI](#) skal sikre at barn og unge får den hjelpa dei treng. Nettsida er førande for arbeidet og tek i vare informasjon på individnivået. Gjennom nettsida kjem det tydeleg fram kva kommunen har av tenester, inkludert kontaktinformasjon, og når tenestene kan nåast (*Tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge*, 2019).

BTI-modellen fortel korleis samhandlinga kan leggest til rette på fire ulike nivå, avhengig av omfanget av vanskar som skal løysast og tal aktørar som er involvert. Rettleiaren skildrar strukturane og prosessane vi skal nytte oss av i arbeidet med barn og unge, både innafor kvar enkelt teneste og mellom tenestene.

Alle familiar kan komma i situasjonar der dei har behov for hjelp og støtte frå ei eller fleire tenester for å ta seg av barnet eller den unge sitt behov. Når barn og unge ikkje trivst, vil det ofte vera vanskeleg for dei å fortelja om det med ord, men kroppsspråk, åtferd og andre uttrykk kan vera teikn og signal som barnet gjev om at det ikkje har det godt. Tidleg oppdaging vil vera å sjå desse teikna og signala tidleg og vita kva ein skal gjera med det. Vaksne kan kjenne på undring og uro for eit barn eller ein ungdom som ei magekjensle av at "det er noko". Andre gonger kjem uroa som eit resultat av ulike kartleggingar, observasjonar og samtalar. Heimen, barnehage, skule, SFO og helsestasjonen har ei sentral rolle både i å oppdage vanskar og følgje dei opp.

Handlingsrettleiaren BTI


Handlingsrettleiaren BTI skal ligge til grunn for korleis alle tilsette i Sogndal kommune skal handle i møte med barn, unge og familiar i kommunen vår. BTI-modellen er vårt rammeverk for systematisk arbeid med barn og unge som vert fanga opp av dei ulike tenestene. Handlingsrettleiaren viser vegen frå undring og bekymring til handling. BTI-modellen hjelpe oss til å fanga opp barn, unge og familiar –som har behov for hjelp og støtte. Ei oppskrift som tydeleg viser kven som skal gjere kva, kven som skal involverast og korleis alle tilsette skal gå fram. Den bidreg til tidleg innsats, samordning og medverking

Modellen gir tydelege føringar på korleis dei ulike tenestene skal samarbeida, og er eit viktig verktøy i arbeidet vårt i realiseringa av oppvekstreforma.

Tidleg involvering

I tillegg til å sikra samhandling mellom tenestene, bidreg BTI - modellen til at barn, unge og føresette er med i eigen prosess og ikkje minst at innsats blir sett i verk på eit så tidleg tidspunkt som mogleg. Evaluering undervegs er også ein viktig nøkkel for å sikra at rett tiltak blir gitt.

Modellen har ein systematikk som bidreg til å gi innsikt og oversikt i situasjonar knytt til det eventuelle strevet til barn og unge, og vil gi viktig informasjon i dei situasjonane der meldeplikta til barnevernstenesta blir utløyst.




Helsedirektoratet gjev kommunen ansvar for å tidleg oppdaga dersom det er grunn til uro gjennom [Nasjonal faglig retningslinje for tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge](#). Sogndal kommune handterer denne føringa gjennom innsats på [Nivå 0](#) i BTI-retteleiren.

Heilskapleg og samordna innsats for barn og unge i Sogndal kommune. Struktur for samarbeid

Alle tilsette i Sogndal som kjem i kontakt med barn, unge, gravide og familiar skal kjenna til nivåa og stega på nivå 0 i BTI-rettleiaren, ha kunnskap og kompetanse om:

- Beskyttande faktorar og risikofaktorar
- Teikn og signal på manglande trivsel og korleis oppdaga utsette barn og unge
- Rutinar for korleis vi skal handla på bakgrunn av uro
- Samtale med barn vi er uroa for
- Samtale med føresette
- Kva andre tenester gjer
- Lovverk som teieplikt, meldeplikt og avvergingsplikt

BTI-rutinane for leiarar i Sogndal slår fast at det er eit leiaransvar at alle aktuelle tilsette har kunnskap og kompetanse om nivå 0 i BTI-rettleiaren slik at ein kan fanga opp barn, unge, gravide og foreldre som står i fare for å få problem.



(Kjelde: Tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge, 2019)

Med bakgrunn i kartleggingane på nivå 0, steg 1, 2 og 3 skal ein gjera ei tydeleg vurdering av om det trengst vidare oppfølging i saka. Dersom svaret er ja, må ein klargjera kven som har ansvar for å ta saka vidare og kva aktørar som kan hjelpa i oppfølginga. I alt arbeid må ein ha systematikk i å samarbeida med barnet/ungdomen og heimen. Dei er dei viktigaste for at barnet/ungdomen sin situasjon skal verta betre.

Tiltak og oppfølging- nivå 1- nivå 2 og nivå 3 i rettleiaren

Undring og kartlegging på nivå 0 i BTI-rettleiaren skal føra til ei vurdering av om barnet eller ungdomen treng oppfølging av eit visst omfang over ein kortare eller lengre periode. Tiltak og oppfølging vert handtert som nivå 1, nivå 2 eller nivå 3 i BTI-rettleiaren. Det står meir om skilnadene mellom dei tre nivåa lenger nede.

Samarbeid- dei ulike nivåa i BTI rettleiaren

Nivå 1 Innsats innanfor kvar enkelt teneste.

Oppfølging på [Nivå 1](#) gjeld samarbeid mellom ei teneste og heimen. I mange tilfelle vil denne tenesta vera barnehage eller skule, men det kan også vera andre tenester, som til dømes helsestasjonen eller flyktingtenesta. Vi jobbar saman med føresette og barn for å finna ei løysing på utfordringa. Det må avklarast kven som er stafetthaldar i saka. Alle tilsette kan vera stafetthaldar, og på nivå 1 vil det oftast vera ein tilsett som er tett på barnet/ungdomen i kvardagen. Etter samtykke frå føresette og ungdom over 15 år opprettar vi stafettlogg.

TIDLEG OPPDAGING/ IDENTIFISERING		TILTAK OG OPPFØLGING	
Nivå 0 Oppdage og avklare undring/ bekymring (ust) Når du oppdagar noko hos eit barn eller ungdom som får deg til å undrast eller uskar deg. Observer, kartlegg, snak med barn og/eller med føresette, barn/ungdom.	Nivå 1 Innsats innanfor kvar enkelt teneste. Jobb saman med føresette og barn for å finna ei løysing på utfordringa. Her vert det jobba innover egga eining. Opprett stafettlogg.	Nivå 2 Tverrfagleg samarbeid Når to tenester, føresette og barn for finna gode løysingar på utfordringa.	Nivå 3 Omfattande tverrfagleg samarbeid. Samordna og heliskapleg innsats mellom tenester og tiltak. Når fleire tenester, føresette og barn jobbar saman om å løysa utfordringa.
Steg 1. Definer undring og bekymring for eit barn 2. Det undring, bekymring med bakgr og kvar 3. Det undring, bekymring med barnet og føresette 4. Skriv til vidare oppfølging? 5. Avslutt saka	Steg 1. Opprett saka (oppsett av digital stafettlogg) 2. Skap felles forståing. Par inn aktuelle rol og tilde i utfordring 3. Sett i verk og gjennomfør tiltak 4. Samarbeidssamarbeid: identifiser, evaluering av tiltak og rol 5. Samarbeidssamarbeid: angitt om regjer rolde	Steg 1. Opprett kontakt med aktuell teneste. Kartlegging av samarbeidssamarbeid 2. Samarbeidssamarbeid: oppsett og påleggging av tiltak. Sett inn aktuelle rol og tilde i utfordring 3. Sett i verk tiltak 4. Samarbeidssamarbeid: identifiser, evaluering av tiltak og rol 5. Samarbeidssamarbeid: angitt om regjer rolde	Steg 1. Opprett kontakt med aktuell teneste. Kartlegging av samarbeidssamarbeid 2. Samarbeidssamarbeid og påleggging av rol og tiltak 3. Sett i verk samordna og heliskapleg innsats mellom tenester og tiltak 4. Samarbeidssamarbeid: identifiser, evaluering av tiltak og rol 5. Samarbeidssamarbeid: angitt om rolde samordna innsats

Heilskapleg og samordna innsats for barn og unge i Sogndal kommune. Struktur for samarbeid

Nivå 2: Tverrfagleg samarbeid

Oppfølging på [Nivå 2](#) er når to tenester samarbeider med barnet/ungdomen og heimen om gode tiltak og positiv utvikling. Den eine av desse tenestene vil ofte vera barnehage eller skule.

Det må avklarast kven som er stafetthaldar i saka. Alle tilsette kan vera stafetthaldar, og på nivå 2 vil det oftast vera ein tilsett som er tett på barnet/ungdomen i kvardagen. Etter samtykke frå føresette og ungdom over 15 år inviterer vi ny teneste inn stafettloggen.



Nivå 3: Omfattande tverrfagleg samarbeid mellom fleire involverte tenester, føresette og barn for å løysa utfordringa.

Oppfølging på [Nivå 3](#) er i saker der fleire tenester samarbeider med barnet/ungdomen og heimen om gode tiltak og positiv utvikling. Samordna og heilskapleg innsats mellom tenester og tiltak. Den eine av desse tenestene vil ofte vera barnehage eller skule. Det må avklarast kven som er stafetthaldar i saka. På nivå 3 må ein vurderer om nokon frå andre tenester enn barnehage eller skule skal ha stafetthaldarrolla



Heilskapleg og samordna innsats for barn og unge i Sogndal kommune. Struktur for samarbeid

Eit tenkt nivå 4 – individuell plan – IP

Saker med individuell plan (IP), koordinator eller barnekoordinator

Barn/ungdom som har omfattande og langvarige behov for oppfølging, kan ha rett på individuell plan, IP. Førsette søker om koordinator eller barnekoordinator som tek over koordineringsansvaret og ein avsluttar stafetthaldar-rolla. Ein avsluttar også stafettloggen. Samhandlinga vidare vert dokumentert som IP i Visma Flyt S Samspill. Koordinator har ansvar for å planleggja og gjennomføra ansvarsgruppemøte og leggja til rette for andre samarbeidsmøte etter behov.

[Koordinerende eining: informasjon om IP og koordinator](#)

Kjenneteikn på god oppfølging og samarbeid

Gode møte. Dei som er til stades i møtet, har noko med saka å gjera. Alle går ut av møtet og veit kva tiltak ein har ansvar for. Det er god møteleiing, der møteleiar kommuniserer ein plan for kva ein vil oppnå med møtet. Barnet/ungdomen og familien si stemme får plass. Alle aktørane går ut av møtet med felles forståing av situasjonen.

Verktøyet førebuing og gjennomføring av samarbeidsmøte [Rettleiar – Sogndal – BTI \(betreinnsats.no\)](#)

Gode møte når vi set inn tiltak tverrfagleg samarbeid (nivå 2 og 3) [Rettleiar – Sogndal – BTI \(betreinnsats.no\)](#)

Gode tiltak. Tiltak vert valde på bakgrunn av god kartlegging på nivå 0 og eventuelt på dei andre nivåa og fordi forskning viser at dei er tiltak som verkar. Verktøy til hjelp for å laga tiltak ligg i BTI-rettleiaren [Kartleggingsmodell til hjelp i utarbeidinga av mål og tiltak](#)

Evaluering. Tiltak og innsats vert systematisk evaluerte. Viss tiltaka har liten effekt, må ein vurderer å endra eller justera dei. Tiltaksevaluering ligg i BTI-rettleiaren på nivå 1- 2 og 3

Tydeleg ansvarsfordeling og samordna tenester. Alle veit kven som gjer kva. Også barnet/ungdomen sjølv og heimen har ansvar for tiltak. Alle involverte har oversikt over kva tenester og personar som er inne i saka, og kva ansvar dei ulike har i oppfølginga.

Medverknad og samarbeid. Barnet/ungdomen er informert om si eiga sak, og barnet/ungdomen si stemme vert lytta til. Heimen er den viktigaste aktøren for at situasjonen til barnet/ungdomen skal verta betre. Tillit og felles forståing av situasjonen mellom heimen, tenestene og barnet/ungdomen sjølv er derfor svært viktig for ei positiv utvikling.

Trygg stafetthaldar. Stafetthaldaren har ansvar for å ha overblikk og samanheng i oppfølginga av eit barn/ein ungdom og å sikra at dei som treng oppfølging, veit kven dei skal kontakta. Stafetthaldaren vert utpeika frå nivå 1 i BTI-modellen, når det vert sett i gang tiltak rundt eit barn/ein ungdom. Stafetthaldar held i stafettpinnen til han er motteken og akseptert av ein ny stafetthaldar. Rolla og oppgåvene til stafetthaldalar i skildra dokumentet «Rettleiar stafettlogg BTI».

God dokumentasjon. Tiltak og innsats må dokumenterast på ein slik måte at det er lett å forstå for alle aktørane. I tverrfagleg samarbeid nyttar vi Visma Flyt Samspill som samhandlingsplattform ([Flyt Samspill](#))

Organisering av samordningsplikta

Kommunen sitt ansvar for tidleg innsats og førebygging krev at heile laget rundt barn og unge må stå samla. (Meld. St. 6 (2019-2020) Samordningsplikta frå 01.08.2022 lovfestar ei lik plikt for velferdstenestene til å samarbeide om oppfølginga av dei barn og unge som har behov for samansette tenester. Samarbeid er når to eller fleire tenester jobbar saman for å gi barnet eller ungdommen eit heilskapleg og samordna tenestetilbod (*Samarbeid om tenester til barn, unge og deres familier, 2022*).

Det er kvart enkelt barn, ungdommen og det heilskaplege behovet til familien som er avgjerande for om velferdstenestene har plikt til å samarbeida. Samordningsplikta skal sørge for at ei kommunal teneste får *hovudansvaret* for samordninga av tenestene i eit slikt tilfelle. Tenestene som skal samarbeida om oppfølginga av eit barn eller ein ungdom, må avklara kva teneste som skal samordna tenestetilbodet

Rolla stafetthaldar vert brukt i BTI modellen, og handlar om at det til ei kvar tid skal vera ein person som har ansvar for samordninga av innsatsen. Vi skal ikkje sleppa ansvaret før eventuelt andre har overteke. Dette skal vera tydeleg kven som samordnar, og skal hjelpa til å unngå oppfølgingsbrot. I Sogndal kommune vil det vera den som har rolla stafetthaldar som tek i vare samordningsplikta og har hovudansvaret for samordninga av tenestene.

Stafettloggen er eit sentralt verktøy i samordninga mellom dei ulike aktørane og tenestene. Det er eit viktig ledd i involveringa, dialogen med barn, unge og familien, og bidreg til medverknad og heilskapleg planlegging. Ei heilskapleg og samordna oppfølging føreset god brukarmedverknad. Retten barna har til å bli høyrte og barnets beste skal vera eit grunnleggjande omsyn ved alle handlingar som gjeld barn. Tverrfagleg samarbeid og samhandling inneber at tenestene og sektorane må dele informasjon og kunnskap, og samhandlar rundt tiltak for barn, unge og familiare deira.

For å sikra dokumentasjonsflyt, ansvarsforhold, evaluering av innsatsen og unngår oppfølgingsbrot, nyttar Sogndal kommune Visma Flyt Samspill som vår felles samhandlingsplattform. Stafettloggen følgjer barnet eller ungdommen, uavhengig av kven som heldt i saka. Stafettloggen viser tydeleg kven som har ansvaret for ulike tiltak rundt eit barn, korleis tiltaket fungerer og

kva som er målet med innsatsen. Alle som er involverte i samarbeidet har fullt innsyn og kan kommunisere direkte med alle involverte i loggen.

Koordinerende eining ivertek plikta kommunen har til å bestemma kva for ei kommunal velferdsteneste som skal vareta samordninga dersom det er *uklart eller tenestene er usamd* om kven som skal samordna tilbodet.

Samordning og koordineringsroller i samarbeidet

Navn	Skildring av rolla	Nasjonale føringar	Lokale føringar
Stafetthaldar	Samordning av innsats frå nivå 1 i BTI-modellen, men også på nivå 2 og 3. Når det blir sett inn tidleg innsats på individnivå skal det vera klart kven som samordnar innsatsen, i tråd med den lovfesta samordningsplikta til kommunen. Rolla kan alle tilsette ha, og barnet og ønska til familien om stafetthaldar skal takast omsyn til. Barnevern og PPT kan ha rolla på nivå 3.	Samordningsplikt for kommunen - Helsedirektoratet	Rettleiar BTI og
Individuell plan Koordinator	Barn og unge med behov for langvarige og koordinerte tenester har rett til å få utarbeidd individuell plan og få tildelt koordinator IP. (Retten er lik for vaksne). Rolla blir som hovudregel tildelt til fagpersonar som jobbar i tenester som har individuell plan i lovverket	Individuell plan - Helsedirektoratet	

	sitt, det vil seia helse- og levekårstenestene, barnevern og NAV.		
Barnekoordinator	Familiar som har eller ventar barn med alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne, og som vil ha behov for langvarige og samansette eller koordinerte helse- og omsorgstenester og andre velferdstenester, har rett til Barnekoordinator. Barnekoordinatoren skal sørge for koordinering av det samla tenestetilbodet som familien, barnet og ungdommen får knytt til sjukdommen eller skaden til barnet.	Barnekoordinator - Helsedirektoratet	Oppstart 01.01.2024

Tenester, samhandling og samordningsarenaer i Sogndal kommune

[Tenesteoversikt Sogndal kommune.](#)

Oversikt over dei ulike tenestene i Sogndal kommune

[Tverrfaglege drøftings- og samarbeidsarenaer kring barn, unge, familiar og gravide i Sogndal kommune](#)

Oversikt over ulike samhandlingsarenaer i Sogndal kommune kring barn, unge, familiar og gravide i Sogndal kommune.

BTI-team Teamet er eit tverrfagleg konsultasjons- og rettleiingsteam som kan nyttast av skule, barnehage og andre kommunale tenester. Teamet skal bidra til å sikre tidleg og rett hjelp til barn og familiar som treng det. BTI-teamet er sett saman av fagfolk med ulik fagkompetanse, som skal sjå barnet og familien sitt totale behov. BUP er representert i teamet. Teamet har oppsett møteplan , og vert gjennomført ein gang pr måned.

[Kommunalt innsatsteam for trygt og godt barnehage og skulemiljø – Sogndal – BTI \(betreinnsats.no\)](#)

Det er også etablert eit kommunalt innsatsteam for trygt og godt barnehage og skulemiljø. Teamet er Sogndal kommune sitt kommunale tverrfaglege team som skal hjelpa offentlege -, private barnehagar og skular i deira arbeid med komplekse og alvorlege saker som involverer barn og elevar.

Tiltaksoversikt – sortert i tabell

Sogndal kommune skal ha ei brei tiltaksvifte som treffer behova til befolkninga. I tabellen er tiltaka sorterte og fargekoda, for å synleggjera hierarkiet av tiltak. Tiltaksoversikta vil vera i kontinuerleg endring, og er difor ikkje uttømmmande over tiltak er derfor ikkje uttømmmande. Tiltaka er sortert etter dei mest alvorlege risikofaktorane.

Aktuelle tenester og tiltak for barn og unge skal vera tilgjengeleg på [BTI nettsida](#) med jamleg oppdatering

Heilskapleg og samordna innsats for barn og unge i Sogndal kommune. Struktur for samarbeid

Heilskapleg og samordna innsats for barn og unge i Sogndal kommune. Struktur for samarbeid

Heilskapleg og samordna innsats for barn og unge i Sogndal kommune. Struktur for samarbeid

Heilskapleg og samordna innsats for barn og unge i Sogndal kommune. Struktur for samarbeid

Heilskapleg og samordna innsats for barn og unge i Sogndal kommune. Struktur for samarbeid